



Arkivnr: 2018/3431-4

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		17.04.2018

**Tilskotsordning for fagskular og fordeling av tilskot hausten 2018****Samandrag**

Fylkesrådmannen har i sak PS 19/2018, handsama i fylkestinget 06.03.18, gjort greie for ny tilskotsordning for fagskuleutdanning som er gjeldande frå og med budsjettåret 2018. Med bakgrunn i dei tidlegare finansieringskjeldene til fagskuleutdanning har KD videreført rammene frå 2017 og fordelt ut 80 % av tilskotet til fylkeskommunane som ei grunnfinansiering basert på den aktiviteten fylkeskommunane hadde i 2017. Vidare er 20 % av tilskotet gjeve som eit resultatbasert tilskot som er rekna ut frå poengproduksjonen til dei fagskulane i Hordaland som får offentleg finansiering. Det resultatbaserte tilskotet vert frå 2019 gitt frå KD gjennom ei open ramme.

KD legg føringer for fylkeskommunane i den nye tilskotsordninga ved å sette konkrete mål for sektoren som fylkeskommunane må arbeide for å oppnå. KD legg som nemnt vekt på at tilskotsordninga skal vere føreseileg for fagskulane, men også at den skal bidra til stabilitet ved å videreføre aktivitetsnivået ved fagskuletilboden i fylka. Spesielt i 2018 er det ikkje ønskjeleg med store endringar for fagskulane i høve til dimensjonering av tilboda. For å bidra til å dekkje framtidig kompetansebehov vart det løyvd 31,6 mill. over statsbudsjettet i 2018 til 638 nye studieplassar. Hordaland fylkeskommune har søkt om til saman 96,75 nye heiltidsekquivalente studieplassar hausten 2018.

Av di det no ikkje vert skilt mellom helsefag og andre fagområde i tilskotsordninga, vil fylkesrådmannen tilrå at helsefagskuletilboda ved Fagskolen i Hordaland vert finansiert over fylkesbudsjettet saman med fagskulen sine andre tilbod frå og med 2019. Med den nye tilskotsordninga er det ikkje lenger naturleg å ha ei eiga ordning for helsefag ved ein fylkeskommunal fagskule som får det øvre tilskotet over fylkesbudsjettet.

Forum for fylkesutdanningssjefar (FFU) har i møte 08.03.18 handsama sak om tilråding til korleis fylkeskommunane kan innrette tilskotsordninga i høve til vidare fordeling til offentlege og private fagskular. Bakrunnen for dette er at det er ønskjeleg med ei nokolunde lik tilskotsforvaltning på tvers av fylkeskommunane, spesielt i høve til private og ideelle fagskular. Kort summert baserer forslaget seg på grunn- og resultatbasert tilskot, stykkprisfinansiering og differensierte satsar for stadsbaserte tilbod og reine nettbaserte tilbod.

**Økonomi:** Tilskotet er ei øyremerka inntekt til fagskuleutdanning over statsbudsjettet i 2018.

**Klima:** Ingen kjent effekt.

**Folkehelse:** Tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag skal gje helsefagarbeidarar tilgang til kompetanseheving og spesialisering med fagskuleutdanning. Dette er i tråd med samhandlingsreformen.

**Regional planstrategi:** Fordeling av tilskot til fagskuleutdanning i Hordaland er i tråd med Regional plan for kompetanse og arbeidskraft om å tilby fagskuleutdanning i høve til regionen sitt kompetansebehov.

## Forslag til vedtak

1. Følgjande prinsipp for tilskotsordning for fagskuleutdanning i Hordaland vert vedteke:
  - Finansieringa vert gitt med eit grunntilskot (80 %) og eit resultatbasert tilskot (20 %)
  - Lik sats for like tilbod uavhengig av om fagskulen er offentleg eller privat
  - Tilboda skal vere stykkprisfinansiert, men i det praktiske arbeidet vil ein operere med grupper. Det vil seie at dersom ein t.d. gir tilskot til 15 studentar, så vert dette vidareført for denne gruppa i minst eitt år.
  - 2 satsar: 1 for stadbaser og nettbasert med fysiske samlingar, og 1 for reine nettbaserte tilbod
  - Det blir gitt 80/20 finansiering for nye studentar hausten 2018.
  - I 2019 vil tilbydarane få resultatbasert tilskot basert på studiepoengeiningar (60 stp) produsert i 2017.
  - Studentane vert talt éin gang i året – studenttallet per 1. oktober kan danne grunnlaget for tilskot kvart år.
2. Følgjande satsar vert vedteke for fagskuleutdanning i helse- og sosialfag:
  - Stadbaser - 81 000,-
    - o 80 % - 64 800,-
    - o 20 % - 16 200,-
  - Nettbasert - 56 000,-
    - o 80 % - 44 800,-
    - o 20 % - 11 200,-
3. I 2018 vert tilbod som er starta opp under tidlegare tilskotsordning vidareført med same satsar og reglar som før.
4. Fordeling av tilskot for fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag hausten 2018 vert vedteke som følgjer:

Tilskot til fagskuleutdanning innan helsefag hausten 2018		Utdanningstilbod	Omfang	Søkjartal	Nye grupper H-18	Totalt tal grupper V-19		Studiestad	Kostnad H-18
Fagskule									
<b>AOF Hordaland - Sogn og Fjordane</b>									
	Ernæring i pleie og omsorgstjenester		30	25	0	0	Bergen		-
	Demensomsorg		30	13	1	1	Bergen		324 000
	Psykisk helsearbeid		60	26	1	2	Bergen		324 000
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming		60	19	0	0	Bergen		-
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming		60	29	1	2	Stord		324 000
<b>Fagskolen i Hordaland</b>									
	Psykisk helsearbeid og rusrarbeid		60	16	1	2	Bergen		324 000
	Rehabilitering		60	8	1	1	Bergen		324 000
	Spesialreinahl og steriforsyning		60		0	1	Bergen		-
<b>Folkeuniversitetet Øst</b>									
	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming		60	5	0	0	Bergen		-
	Rehabilitering		60	1	0	0	Bergen		-
<b>Fagskolen aldring og helse</b>									
	Demensomsorg og alderspsykiatri		60	32	0	0	Bergen		-
	Utviklingshemming og aldring		60		0	0	Tønsberg		-
	Demensomsorg og alderspsykiatri		60		0	0	Tønsberg		-
	<b>Sum</b>				<b>5</b>	<b>9</b>			<b>1 620 000</b>

5. Administrasjonen vert gjeve mynde til å fordele eventuelle nye studieplassar etter søknad til Kunnskapsdepartementet når svar ligg føre.

6. Tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag ved Fagskolen i Hordaland vert gjeve over fylkesbudsjettet frå om med 2019.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkessjef opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 13.03.2018

I denne saka vert det gjort kort greie for den nye tilskotsordninga for fagskuleutdanning i høve til fordelinga frå Kunnskapsdepartementet (KD) til fylkeskommunane, deretter vert det føreslått korleis Hordaland fylkeskommune skal forvalte tilskotet vidare til offentlege og private/ideelle fagskular. Til slutt vert det vist og gjort greie for forslag til fordeling av tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag hausten 2018. Det er beklageleg at sak om prinsipp for tildeling av tilskot og fordeling av tilskot vert lagt fram i same sak, men det har ikkje vore råd å gje ei tilråding før no. Det har vore gjort eit omfattande arbeid med å gjere greie for den budsjettmessige omlegginga av finansieringa til fagskulesektoren saman med KD og dei andre fylkeskommunane, samtidig som ein har arbeidd med felles prinsipp for tildeling av tilskot for fylkeskommunane. Det er også viktig å OPHE allereie i utvalsmøtet 17. april handsamar sak om fordeling av tilskot til nye tilbod hausten 2018 slik at fagskulane ikkje må vente heilt til utvalsmøtet 15. mai 2018 før dei veit kva tilbod dei kan starte opp.

### Ny tilskotsordning for fagskuleutdanning

Fylkesrådmannen har i sak PS 19/2018, handsama i fylkestinget 06.03.18, gjort greie for ny tilskotsordning for fagskuleutdanning som er gjeldande frå og med budsjettåret 2018. Dei tidlegare finansieringskjeldene til fagskuleutdanning er no slått saman til éin tilskotsordning og vert gitt over statsbudsjettet under KD. Dei tidlegare finansieringskjeldane var som følgjer:

- Midlar til rammetilskot til fylkeskommunane over Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt budsjett.
- Midlar til fylkeskommunane til helse- og sosialfaglege fagskuleutdanningar over Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) sitt budsjett, som var forvalta av Helsedirektoratet.
- Tilskot til 14 private fagskular over Kunnskapsdepartementet (KD) sitt budsjett.

Med bakgrunn i dei tidlegare finansieringskjeldene har KD vidareført rammene frå 2017 og fordelt ut 80 % av tilskotet til fylkeskommunane som ei grunnfinansiering basert på den aktiviteten fylkeskommunane hadde i 2017. Vidare er 20 % av tilskotet gjeve som eit resultatbasert tilskot som er rekna ut frå poengproduksjonen til dei fagskulane i Hordaland som får offentleg finansiering. Det resultatbaserte tilskotet vert gitt frå KD gjennom ei open ramme.

Den nye finansieringsordninga skal bidra til at fylkeskommunane og fagskulane opplever at finansieringa er føreseileg. KD legg føringar for fylkeskommunane i den nye tilskotsordninga ved å sette konkrete mål for sektoren som fylkeskommunane må arbeide for å oppnå. KD legg også vekt på at tilskotsordninga bidrar til stabilitet for fagskulane ved å vidareføre aktivitetsnivået i tilbodet i fylka. Spesielt i 2018 er det ikkje ønskeleg med store endringar for fagskulane i høve til dimensjonering av tilboda. Vidare er tilskotet til fylkeskommunane øyremerka til fagskuleutdanning og kan ikkje nyttast til andre føremål. Det er mogleg å nytte noko av midlane i tilskotsordninga til administrasjon, men dette er ikkje aktuelt for Hordaland fylkeskommune på noverande tidspunkt, fordi fylkeskommunen sjølv finansierer sektoren med om lag 12 mill. Utover dette legg ikkje KD føringar for korleis fylkeskommunane innrettar tilskotsmodellen for vidare fordeling til fagskulane. KD vil følgje opp fylkeskommunane gjennom årleg rapportering av måloppnåing og aktivitet i fylket. Til dømes vil KD kunne gjøre endringar i grunntilskotet til ein fylkeskommune dersom aktiviteten vert lågare over tid. Variasjon frå eitt år til eit anna vil ikkje føre til lågare grunntilskot. Det resultatbaserte tilskotet vert rekna ut frå poengproduksjonen to år før det aktuelle budsjettåret tilskotet vert gjeve. Det vil seie at det resultatbaserte tilskotet i 2019 er rekna ut frå poengproduksjonen i 2017.

For å bidra til å dekkje framtidig kompetansebehov vart det i 2018 løvd 31,6 mill. over statsbudsjettet til 638 nye studieplassar. Hordaland fylkeskommune har søkt om til saman 96,75 nye heiltidsekquivalente studieplassar hausten 2018 som vist i tabell 1 under.

Tabell 1. Oversyn over tilbod og studenttal det er søkt KD om tilskot for

Fagskule	Utdanningstilbod	Tal studieplassar og omfang	Tal heiltid/deltid	Tall studieplassar i heiltidsekvivalentar
Fagskolen i Hordaland	CNC og robotteknologi	30 studieplassar à 120 fp	30 heiltid	30
Fagskolen Aldring og helse	Demensomsorg og alderspsykiatri	25 studieplassar à 60 fp	25 deltid	12,5
AOF Hordaland – Sogn og Fjordane	Ernæring i pleie og omsorgstjenester	20 studieplassar à 30 fp	20 deltid	10
Fagskolen i Hordaland	Lokal matkultur	25 studieplassar à 120	25 deltid (0,67)	16,75
Fagskolen i Hordaland	Klassisk bygningshandverk	20 studieplassar à 60 fp	20 deltid	10
Folkeuniversitetet Øst	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	20 studieplassar à 60 fp	20 deltid	10
AOF Hordaland – Sogn og Fjordane	Kontor-, salg og serviceledelse	15 studieplassar à 60	15 deltid	7,5
<b>Sum</b>			<b>155</b>	<b>96,75</b>

Tabellen syner kor mange nye studieplassar Hordaland fylkeskommune har søkt om for 2018, samt kva tilbod og fagskule det er søkt til. Tilboda er lagt inn i tabellen etter prioritet, der det øvste tilboden har høgast prioritet og så vidare nedover.

Dersom Hordaland fylkeskommune får 96,75 nye studieplassar hausten 2018, vil dette verte dobla i 2019. Årsaka til dette er at studieplassane er gjeve for toårige tilbod som skal starte opp kvart år, og vert å rekne som ein permanent auke i grunntilskotet. KD er ikkje ferdig å handsame søkerne på dette tidspunktet, men det er venta svar før påske. På bakgrunn av dette vil fylkesrådmannen tilrå at administrasjonen vert gjeve mynde til å fordele eventuelle nye studieplassar når svar ligg føre, slik at dette kan verte gjort så raskt som mogleg. Tildelinga er tenkt å basere seg på dei prioriteringane som er gjort i søkerne, men når tilskotet skal fordelast må administrasjonen innhente informasjon om søkerne.

I høve til å fordele tilskot vidare til private og ideelle fagskular er det ikkje lengre slik at midlar er øyremerka til eitt fagområde. KD vil prioritere tekniske og helsefaglege utdanninger i søkerne om nye studieplassar i 2018, men utover det er det fullt mogleg å gje tilskot til andre tilbod. Av di det no ikkje vert skilt mellom helsefag og andre fagområde i tilskotsordninga, vil fylkesrådmannen tilrå at helsefagskuletilboda ved Fagskolen i Hordaland vert finansiert over fylkesbudsjettet saman med fagskulene sine andre tilbod frå og med 2019. Med den nye tilskotsordninga er det ikkje lengre naturleg å ha ei eiga ordning for helsefag ved ein fylkeskommunal fagskule som får det øvre tilskotet over fylkesbudsjettet. Dette betyr ikkje at Fagskolen i Hordaland skal ha andre føresetnader enn dei private fagskulane med tilsvarande tilbod i høve til sats for helsefagskuletilboden eller krav til rapportering og måloppfølging. Som konsekvens av denne tilrådinga vil den delen av midlane som vert fordelt til Fagskolen i Hordaland, verte trekt ut av den ramma som er søkerbasert i Hordaland i 2019. Dersom Fagskolen i Hordaland ikkje opprettheld aktiviteten ved helsefaga, er det mogleg å trekke dette tilbake i seinare budsjettprosessar.

## Tilråding frå Forum for fylkesutdanningssjefer (FFU)

FFU har i møte 08.03.18 handsama sak om tilråding til korleis fylkeskommunane kan innrette tilskotsordninga i høve til vidare fordeling til offentlege og private fagskular. Bakgrunnen for dette er at det er ønskjeleg med ei nokolunde lik tilskotsforvaltning på tvers av fylkeskommunane, spesielt i høve til private og ideelle fagskular. Nokre av dei private og ideelle fagskulane har studiestader i fleire fylkeskommunar, og vil kunne søkje om tilskot frå meir enn éin fylkeskommune.

Det er FFU si kompetansegruppe for fagskuleforvaltning som har utarbeidd saka, og på bakgrunn av den har FFU gjort følgjande tilråding:

### Tilråding til ny tilskotsordning frå 2018

- Det skal vere lik sats for like tilbod uavhengig av fagskulen si tilhørsle (offentleg/privat)
- Tilboda skal vere stykkprisfinansiert.
- 2 satsar: 1 for stadbaser og nettbasert med fysiske samlingar, og 1 for reine nettbaserte tilbod
- Det blir gitt 80/20 finansiering for nye studentar hausten 2018.
- I 2019 vil tilbydarane få resultatbasert tilskot basert på studiepoengeiningar (60 stp) produsert i 2017.
- Studentane vert talt éin gang i året – studenttallet per 1. oktober kan danne grunnlaget for tilskot kvart år.

### Spesielt for helsefag

- Følgjande satsar vert nytta:
  - o Stadbaser - 81 000,-
    - 80 % - 64 800,-
    - 20 % - 16 200,-
  - o Nettbasert - 56 000,-
    - 80 % - 44 800,-
    - 20 % - 11 200,-
- Satsane er basert på Helsedirektoratets tidlegare satsar, og justert med 1 %. Årsaka til den lave prisveksten er at KD berre har gitt 0,9 % prisvekst i ramma som er overført frå Helsedirektorat/HOD.
- Det resultatbaserte tilskotet vert ikkje betalt ut hausten 2018. Årsaka til dette er at studentane som er i gang, gir 100 % utbetaling etter tidlegare ordning. I tillegg har ikkje fagskulane produsert poeng under ny ordning.
- Tilskot vert betalt ut kvart halvår.

### **Overgangsordning – avvikling av gamal ordning for helsefag**

- I 2018 er den enkelte fylkeskommune sjølv ansvarleg for å betale ut fullt tilskot for studentar som allereie er i gang etter dei reglar og satsar som Helsedirektoratet har fastsett.
- Følgjande satsar vert nytta:
  - o Stadbaser - 81 000,-
  - o Nettbasert - 56 000,-
- I 2019 er det den fylkeskommunen som får grunn- og resultatbasert tilskot som har det fulle ansvaret for å finansiere det tilbodet som er starta under gamal ordning. Bakgrunnen for dette er at KD vil justere om grunntilskotet mellom fylka basert på studiestadstilhøyre.

### **Vidare arbeid med tilskotsordninga**

- Det vil arbeidast vidare med å vurdere differensierte satsar sjølv om tildelinga frå staten ikkje er basert på differensierte satsar (jf. også [Deloitte-rapport](#)).
- Tilskotsmodellen vil bli evaluert ut frå dei erfaringane som vert gjort i 2018.
- Frå 2019 vil dei 14 private fagskulane som før var finansiert direkte av KD, bli resultatutsett slik som dei andre fagskulane. Hausten 2018 må det vurderast kva satsar som skal gjelde for desse, eller om ein skal vidareføre grunntilskotet på dagens nivå.
- Finansieringa av naturbruk i noen fylke er ikkje blitt vidareført frå 2017 til 2018.

Fylkesrådmannen vil tilrå at Hordaland fylkeskommune følgjer FFU sitt forslag om prinsipp for tildeling av tilskot. Det vil vere eit gode å ha ei lik tilnærming på tvers av fylkeskommunane i høve til å stå fram som ein tydeleg og samla forvaltar av sektoren. Ved å følgje nokre like grunnprinsipp er det også enklare å evaluere og vidareutvikle forvaltningsarbeidet med fagskulesektoren.

FFU si tilråding er også i tråd med korleis KD forvaltar og fordeler tilskotet til fylkeskommunane ved at det vert lagt vekt på stabilitet og vidareføring, samt 80/20 finansiering.

Som nemnt over er det tilrådd ei stykkprisfinansiert ordning, men i det praktiske arbeidet med fordeling av tilskot vil det ofte vere høveleg å operere med grupper. Det vil seie at dersom ein t.d. gir tilskot til 15 studentar, så vert dette vidareført for denne gruppa i minst eitt år. Dette vil bidra til ein meir føreseieleg ordning både for tilbydarane og fylkeskommunane ved at ein alltid kan operere med eit gitt tal med grupper som er innanfor fylkeskommunen sin ramme. Fylkesrådmannen vil tilrå at ein baserer ordninga på stykkprisfinansiering med ein stabil gruppestørleik for tilbydarane.

### **Oppfølging og rapportering**

Fylkeskommunane skal året etter å ha motteke tilskot til fagskuleutdanning rapportere om bruk av tilskotet og måloppnåing for sektoren innan 15. april. I tillegg skal fagskulular som får offentleg støtte rapportere resultat for fagskuleverksemda til Database for høgre utdanning (DBH). Dette er til dømes revisorattestert rekneskapsrapport og årsrapport.

KD har sett følgjande mål for fagskulesektoren i samband med forvaltninga:

Mål: *Høy kvalitet i fagskoleutdanning.*

Fagskoleutdanning skal være av høy kvalitet og sikre gode vilkår for studentene. Det er potensial for å bedre kvaliteten i flere fagskoleutdanninger.

Mål: *Yrkesrettet fagskoleutdanning.*

Fagskolesektoren skal utdanne kandidater som kan gå rett inn i yrkeslivet, med den praktiske og teoretiske kunnskapen som det er behov for i det enkelte yrket. Vurderinger av relevansen i fagskoleutdanningene er derfor viktig.

Mål: *God tilgang til fagskoleutdanning.*

Regjeringen vil at fagskolene skal bli en større og viktigere del av det norske utdanningssystemet, og at en større del av studentene skal ta fagskoleutdanning.

Mål: *Effektiv og solid fagskolesektor.*

Mange av fagskolene er svært små, dette er lite heldig med tanke på faglig styrke og soliditet ved familjøene. Kvalitet og robuste miljø handler også om administrativ kapasitet og kompetanse.

For at fylkeskommunen skal kunne rapportere om måloppnåinga, er det naudsynt å innhente informasjon frå dei tilbydarane som får tilskot. Det vil mellom anna vere nyttig å få tilsendt fagskulane sine student-, lærar- og sensorevalueringar som dannar grunnlag for fagskulane sine kvalitetssystem. Dette vil kunne gje fylkeskommunen god informasjon om kvaliteten på tilboda som fagskulane leverer. Tiltaka som er vedtatt i Regional plan for kompetanse og arbeidskraft i høve til fagskulesektoren, vil også bidra til at det vert henta inn informasjon om næringslivet sitt kompetansebehov. I planen er det bestemt at kompetansebehovet i Hordaland skal kartleggjast og at det skal gjennomførast kandidatundersøkingar med tidlegare studentar ved fagskulane for å få informasjon om kandidatane sin arbeidssituasjon etter utdanninga. Denne undersøkinga bør også omfatte kandidatar frå private fagskulular som får offentleg tilskot.

### Fordeling av tilskot hausten 2018

Hordaland fylkeskommune har over fylkesbudsjettet for 2018 vedteke ei ramme på kr 8 370 000,- til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag. Som nemnt tidlegare i saka kan fylkeskommunane nytte tilskotet til andre tilbod enn helsefag, men for å kunne følgje opp KD sin premiss om vidareføring av eksisterande tilbod er det ikkje mogleg å gje tilskot til andre fagområde innanfor ramma i 2018.

Av ramma for tilskot til fagskuleutdanning innan helsefag i 2018 er kr 5 885 000,- disponert gjennom tilbod oppretta tidlegare. Av dette skal kr 3 927 500,- betalast ut våren 2018, og kr 1 957 500,- er forventa utbetaling hausten 2018. Basert på dette er det kr 2 485 000,- til nye tilbod hausten 2018 (sjå tabell under).

Ramme 2018	8 370 000,-
Tilskot vår 2018 for tidlegare etablerte tilbod	3 927 500,-
Tilskot haust 2018 for tidlegare etablerte tilbod	1 957 500,-
Tilskot nye tilbod hausten 2018	2 485 000,-

Som ein ser av disponibelt tilskot til nye tilbod hausten 2018, er det ikkje særleg rom for å auke tilbodet, og det vil derfor i forslaget til fordeling bli lagt vekt på å vidareføre aktivitetsnivået Hordaland hadde i 2017.

Vidare er det teke utgangspunkt i satsen som er tilrådd av FFU – 81 000,- med ei 80/20 fordeling – og det vert føreslått at kvar gruppe er på 20 studentar. Fagskulane kan ta inn fleire enn 20 studentar til tilbodet, noko som mellom anna kan gje høgare studiepoengproduksjon. Fagskulane kan ikkje starte opp eit tilbod med færre enn 15 studentar utan at grupphestorleiken/finansieringa vert redusert, men dette føreset at andre tilbod ved den aktuelle fagskulen har høgare studenttal enn 20. Det vil seie at administrasjonen vil vurdere det totale tilbodet ved den einskilde fagskule i høve til tilbod som får offentleg støtte.

Det er fleire fordelar med å fordele tilskot basert på grupper. Ei gruppefordeling gjer ordninga føreseieleg frå år til år ved at den ramma ein har, i prinsippet alltid skal kunne dekkje det same talet på grupper som er under utdanning. I tillegg gjer det fagskulane mindre sårbar for fråfall og bidreg til at fagskulane i større grad kan arbeide med å sikre god kvalitet i utdanningane og utvikle robuste fagmiljø. Administrasjonen opplever at fagskulane i Hordaland som får offentleg tilskot arbeider godt med gjennomføring, men at helsefaga er sårbar for fråfall som ofte er utanfor fagskulen sin kontroll. Fleire fagskulular har tidlegare meldt at mykje av fråfallet er på grunn av personlege årsaker hos studentane, og ofte vanskar med å kombinera studie og arbeid.

#### Berekning av kapasitet i ramma

For å vurdera kor mange grupper det er mogleg å starta opp hausten 2018 er det naudsynt å beregne langtidskonsekvensane av aktiviteten i 2018, og tabell 2 under syner dette.

Tabell 2. Kapasitetsutrekning

1. Ramme - grunntilskot				
H-2018	V-2019	H-2019	V-2020	H-2020
2 485 000	2 804 000	2 804 000	2 804 000	2 804 000
2. Grupper og kostnad				
H-2018	V-2019	H-2019	V-2020	H-2020
5	9	9	9	9
1 620 000	2 916 000	2 916 000	2 916 000	2 916 000
3. Resultat				
865 000	-112 000	-112 000	-112 000	-112 000

I tabell 2 over er den resterande ramma til helsefagskuletilbod ført opp under H-2018, i kolonnane som syner semestra i 2019 og 2020 er det lagt inn forventa ramme på grunntilskotet etter at KD har justert i høve

til nasjonale tilbydarar. I kolonnane som syner tal på grupper, er det berre lagt inn nye grupper i kolonnen H-2018, medan det i kolonnane som syner semestra i 2019 og 2020, er lagt inn det totale talet på grupper det aktuelle budsjettåret.

Tabell 2 syner vidare at det ved å starte opp 5 grupper hausten 2018 vil vere kr 865 000,- til gode av ramma, medan det i 2019 vil vere eit meirforbruk på kr 224 000,-. Dette meirforbruket må dekkast av Hordaland fylkeskommune ved å omprioritere internt i fagskulesektoren, eller eventuelt ved å redusere aktiviteten hausten 2019.

I 2020 vil det vere same situasjon med eit forventa meirforbruk på kr 224 000,-.

Meirforbruket kan ein gjerne unngå dersom det vert gjeve tilskot til nye studentar hausten 2018 gjennom søknaden til KD. Som nemnt vil kapasiteten doblast i 2020, og det er mogleg å ikkje doble tilbodet tilsvارande, slik at ein på sikt kjem i balanse. Dersom KD ikkje løyver fleire studieplassar til Hordaland må ein redusere talet på grupper i 2020, eller fordele om tilskot mellom andre tilbod under Hordaland fylkeskommune.

Basert på kapasitetsberekinga over vil fylkesrådmannen tilrå at det vert starta opp 5 nye grupper hausten 2018. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med ei sak som syner dei budsjettmessige konsekvensane av den nye tilskotsordninga under KD når administrasjonen har fått meir informasjon om faktisk tilskot til fagskuleutdanning i 2019.

#### Søknadar om nye tilbod hausten 2018

Det er fire tilbydarar som har søkt om tilskot til fagskuleutdanning med start hausten 2018, og til saman er det søkt om tilskot til 243 studentar eller 10 grupper.

Tabell 3. Søknader til fagskuleutdanning innan helsefag i Hordaland hausten 2018

<b>Søknader til fagskuleutdanning innan helsefag hausten 2018</b>						
Fagskule	Utdanningstilbod	Omfang	Søkjartal	Studenttal	Grupper	Studiestad Kostnad
AOF Hordaland - Sogn og Fjordane	Ernæring i pleie og omsorgstjenester	30	25	20	5	Bergen 1 620 000
	Demensomsorg	30	13	20		Bergen
	Psykisk helsearbeid	60	26	25		Bergen
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	19	20		Bergen
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	29	20		Stord
Fagskolen i Hordaland					2	648 000
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid	60	16	30		Bergen
	Rehabilitering	60	8	30		Bergen
Folkeuniversitetet Øst					2	648 000
	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	60	5	20		Bergen
	Rehabilitering	60	1	20		Bergen
Fagskolen aldring og helse					1	324 000
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60	32	30		Bergen
	Utviklingshemming og aldring	60		4		Tønsberg
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60		4		Tønsberg
<b>Sum</b>				<b>243</b>	<b>10</b>	<b>3 240 000</b>

Tabell 3 syner at det til saman er søkt om tilskot på kr 3 240 000,- til nye tilbod hausten 2018. Som vist tidlegare er det berre kr 2 485 000,- disponibelt til nye tilbod. Kolonnen som syner kostnad er rekna ut frå kor mange grupper det er søkt tilskot for, ikkje kor mange studentar det er søkt tilskot for.

## Forslag til fordeling av tilskot hausten 2018

Tabell 4. Forslag til fordeling av tilskot hausten 2018

Fagskule	Utdanningstilbod	Omfang	Søkjartal	Nye grupper		Totalt tal grupper V-19	Studiestad	Kostnad H-18
				H-18				
AOF Hordaland - Sogn og Fjordane	Ernæring i pleie og omsorgstjenester	30	25	0	0	Bergen	-	
	Demensomsorg	30	13	1	1	Bergen	324 000	
	Psykisk helsearbeid	60	26	1	2	Bergen	324 000	
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	19	0	0	Bergen	-	
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	29	1	2	Stord	324 000	
Fagskolen i Hordaland	Psykisk helsearbeid og resarbeid	60	16	1	2	Bergen	324 000	
	Rehabilitering	60	8	1	1	Bergen	324 000	
	Spesialreinahld og sterlforsyning	60		0	1	Bergen	-	
Folkeuniversitetet Øst	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	60	5	0	0	Bergen	-	
	Rehabilitering	60	1	0	0	Bergen	-	
Fagskolen aldring og helse	Demensomsorg og alderspsykiatri	60	32	0	0	Bergen	-	
	Utviklingshemming og aldring	60		0	0	Tønsberg	-	
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60		0	0	Tønsberg	-	
<b>Sum</b>				<b>5</b>	<b>9</b>			<b>1 620 000</b>

Tabellen syner forslag til fordeling av tilskot til nye tilbod hausten 2018. Kolonnen «Nye grupper H-18» er berre nye studentar hausten 2018, medan kolonnen «Totalt tal grupper V-19» er både fyrste- og andreårsgrupper. Kolonnen med søkeratal syner talet på kvalifiserte søkerar til no.

Kolonnen «Nye grupper H-18» i tabell 4 over syner at det er føreslått å gje tilskot til totalt 5 nye grupper hausten 2018, med ein kostnad på kr 1 620 000,-, og dette er i tråd med kapasitetsutrekninga vist tidlegare. Vidare vert det gjort greie for vurderingane som ligg til grunn for forslag til fordeling.

### AOF Hordaland – Sogn og Fjordane

AOF har søkt om tilskot til 5 klassar; 4 i Bergen og 1 på Stord. Det er i tabell 4 føreslått å gje tilskot til 3 tilbod; Demensomsorg, Psykisk helsearbeid og «Miljøarbeid i tjeneste for mennesker med utviklingshemming» (Stord). Ved å gi AOF tilskot til 3 nye grupper vert prinsipp om vidareføring følgt. Skulen har i dag 5 grupper, der 3 av dei er ferdig denne våren. Ved å starte opp 3 nye grupper hausten 2018 vil det fortsatt vere 5 grupper gåande. AOF har allereie svært gode søkeratal, og er ein fagskule som har rullerande opptak. Skulen peiker i sin søknad på at det basert på eigne erfaringar kjem fleire søkerar igjennom sommaren.

Tilbodet Ernæring i pleie og tjenester har ikkje fått tilskot tidlegare, og sjølv om det er fleire søkerar til dette tilbodet enn ved Demensomsorg, vert det føreslått å prioritere sistnemnde tilbod. Dette er uheldig mellom anna fordi Bergen kommune har reservert 15 plassar ved dette studiet, og er eit etterspurta tilbod i kommunen. Årsaka til at tilbodet likevel ikkje vert føreslått oppretta, er at skulen har fagkompetanse knytt til Demensomsorg i eksisterande tilbod som er ønskjeleg å vidareføre i høve til prinsipp om stabilitet. AOF har høve til å flytte tilskotet mellom utdanningane med same omfang (i dette tilfellet 30 poeng) dersom søkeratala ikkje vert høge nok. Vidare er det søkt om ekstra midlar frå KD til Ernæring, og AOF vil kunne starte opp dette tilbodet dersom Hordaland fylkeskommune får tilskot til nye studentar ved denne utdanninga.

Vidare er det føreslått å gje tilskot til Miljøarbeid på Stord fordi det ikkje har vore gjennomført der tidlegare, og det er her det er flest søkerar. AOF søker no om NOKUT-godkjenning for studiestad på Stord, og vil ettersende denne. Dersom studiestaden ikkje vert godkjent i tide, kan AOF starte opp tilbodet i Bergen.

Til slutt er det føreslått å gi tilskot til utdanninga Psykisk helserabeid. Dette er eit tilbod som er ettertrakta blant søkerar, og det er viktig kompetanseheving for kommunane, og er derfor føreslått vidareført.

#### Fagskolen i Hordaland

Ved Fagskolen i Hordaland er det i dag 4 tilbod i gang. 2 av gruppene er ferdig utdanna denne våren, og det er såleis føreslått å starta opp to nye grupper hausten 2018. Utdanningane Rehabilitering og Sterilforsyning er tilbod som går over to år, og fagskulen pleier å starta desse annakvart år. Tilboden Rehabilitering er ferdig denne våren og vert såleis føreslått starta opp med ny gruppe hausten 2018. Dette er i tråd med vidareføring av aktivitet og stabilitet. Tilboden Psykisk helsearbeid og rusarbeid er som nemnt attraktive tilbod, og det har vore vanleg å starta opp ny gruppe kvart år. Som vist i tabell 4 er det føreslått å starta opp dette tilboden også hausten 2018. Ved Fagskolen i Hordaland er det til no 16 kvalifiserte søkerar til Psykisk helsearbeid og rusarbeid, skulen ventar dokumentasjon frå nokre fleire søkerar som kan vere kvalifiserte. Skulen melder at det er 29 søkerar totalt, men ikkje alle er kvalifiserte.

Ved tilboden Rehabilitering er det per i dag 8 kvalifiserte søkerar. Ved dei fylkeskommunale fagskulane er det søknadsfrist 15. april, og det er såleis noko tid att før ein veit endelege søkeratal. Skulen tek også inn studentar som melder seg på seinare så lenge det er før start i september. Tilboden Rehabilitering er etterspurt av Bergen kommune, men ein ser at det har vore noko lågare søkeratal til dette tilboden enn ved dei andre tilboda. Fagskulen vil ha ekstra fokus på dette tilboden i samband med marknadsføring fram til start.

#### Folkeuniversitetet Øst

Folkeuniversitetet Øst har tilsegn om godkjenning for tilboda «Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming» og Rehabilitering i Bergen. Det vil seie at dei har godkjenning frå NOKUT på vilkår av at kvalifisert personell vert tilsett før start av studia. Folkeuniversitetet Øst fekk tilskot til tilboden Rehabilitering av Hordaland fylkeskommune i 2017, men det var ikkje nok søkerar, og tilboden vart ikkje starta opp. Midlane vart omfordelt til andre tilbydarar. Folkeuniversitetet melder at det per i dag er 5 kvalifiserte søkerar til tilboden Psykiske lidelser og aldring og 2 personar som har meldt interesse for tilboden. Det er 1 kvalifisert søker til Rehabilitering, og 1 som har vist interesse. I tillegg var det 12 søkerar hausten 2017 som kan vere interessert no også.

På grunn av at det berre er mogleg å starte opp 5 grupper hausten 2018, og det er ønskjeleg med vidareføring av aktiviteten ved den einskilde fagskule frå 2017, vert det ikkje føreslått å gje tilskot til dei to tilboda ved Folkeuniversitetet. Det er søkt KD om nye studentar til tilboden Psykiske lidelser og aldring, og dersom søkeraden vert teke til følgje, vil Folkeuniversitetet kunne starte opp dette tilboden.

#### Fagskolen aldring og helse

Fagskolen aldring og helse har fått tilskot frå Hordaland fylkeskommune tidlegare, både i Tønsberg og i Bergen. Ved tilboda i Tønsberg har det stort sett vore gitt tilskot til nokre få studentar, medan det hausten 2017 vart gjeve tilskot til tilboden Demensomsorg og alderspsykiatri i Bergen. Dette tilboden var det ikkje nok søkerar til sjølv om det var eit ønskje frå Bergen kommune å starte opp. I år har Fagskulen og Bergen kommune starta opp rekrutteringsprosessen mykje tidlegare, og det er 32 kvalifiserte søkerar per i dag. Som nemnt over er det berre rom for å starta opp 5 grupper, og det vert derfor føreslått at tilboden Demensomsorg og alderspsykiatri ikkje vert prioritert innanfor desse gruppene. Det er søkt KD om midlar til dette tilboden, og dersom Hordaland får nye studieplassar, er det mogleg å starte opp. I søkeraden til KD har dette tilboden fått nest høgste prioritet.

Fagskolen aldring og helse har også søkt om tilskot til studentar i Tønsberg, men i den nye tilskotsordninga er det tilbod med studiestad i eige fylke ein skal gje tilskot til. Det vert derfor føreslått å ikkje gje tilskot til tilboda i Tønsberg. Det er Vestfold fylkeskommune som kan gje tilskot til utdanningar i Tønsberg, og fagskulen vil likevel stå fritt til å ta inn søkerar frå heile landet.